



SELJE KOMMUNE

Driftsutvalet

Møtebok

Møtedato: 09.02.2012

Møtetid: Kl. 15:00 – 17:30

Møtested: Kommunehuset

Saksnr.: 001/12 - 004/12

Følgjande medlemmer møtte

KRF: Stein Robert Osdal. TP: Gunnar Silden, Stine Aase Myhre. FRP: Marit Swensen, Svein Hansen (gjekk frå i sak 004/12).

Følgjande medlemmer møtte ikkje

TP: Terje Ødegård. H: Eva Janne T. Årvik. Begge hadde meldt forfall til møtet.

Følgjande varamedlemmer møtte

TP: Judith Kvåle. H: Kjetil Vetrhus. FRP: Ove Swensen møtte i sak 004/12.

Følgjande frå administrasjonen møtte

Kommunalsjef Helse og Omsorg Åse Elin Hole

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Ingen

7 voterande

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
001/12	Godkjenning av møtebok
002/12	Delegasjonssaker
003/12	Referatsaker
004/12	Gbnr. 2/1 - Delingssak- Frådeling areal til veg - ny handsaming - Rune Hovden

Tilleggsaker: Ingen

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur:_____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	09.02.2012	001/12

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 12/284
---	----------------------	-----------------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 12.12.11 vert godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 09.02.2012

7 voterande

KU-001/12 VEDTAK

Møteboka frå møte 12.12.11 vert godkjent slik den ligg føre.
Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	09.02.2012	002/12

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 12/282
--------------------------------------	---------------	----------------------

Delegasjonssaker

DKU. 001/12: Gbnr. 24/7 - Deling av grunneigdom - bustadhus - Håkon Leikanger - handsaming etter jordlova

DKU. 002/12: Gbnr. 24/7 - omdisponering av landbruksareal - garasje og veg - Håkon Leikanger

DKU. 003/12: Gjeld søknad om tidleg skulestart

DKU. 004/12: Gbnr. 45/11 - Avkøyrsløyve - Bustadhus - Jon Borge Frogner & Helle Frogner

DKU. 006/12: Gbnr. 21/13 - Delingssak/kartforretning - nausttomt - Knut Lundebrekke

DKU. 085/11: Gbnr. 30/3 - Byggsak - Tilbygg til fritidsbustad - Per Tore Borgund

DKU. 088/10: Gbnr. 75/2 - Deling av grunneigedom - fritidshus - Reidun Vetrhus

DKU. 093/10: Gbnr. 75/2 - Deling av grunneigedom - fritidshus - Reidun Vetrhus - handsaming etter jordlova

DKU. 102/11: Gbnr 2/1 - Deling av grunneigedom - Industriareal - Rune Hovden - handsaming etter jordlova

DKU. 104/11: Gbnr. 19/7 Igangsettingsløyve - Fritidsbustad - Anne Kristin Apelseh og Ståle Liadal

DKU. 105/11: Gbnr 19/7 - Utsleppsløyve - Fritidsbustad - Anne Kristin Apelseh

DKU. 106/11: Gbnr. 1/3 Rammeløyve - Byggsak - Riving av bygg - Liv Skorge

DKU. 107/11: Gbnr. 87/11 - Byggsak - Tilbygg hytte - Fredrik Sandbakk

DKU. 108/11: Gbnr. 56/182 - Byggsak - rehabilitering våtrom - Erling Johan Åbø

DKU. 109/11: Gbnr. 56/216 - Byggsak - Garasje - Adrian Mortensen

DKU. 110/11: Gbnr. 24/13 - Konesjon - Einar Ringen

DKU. 111/11: Krakereid bustadfelt - Igangsettingsløyve VA-tekniske anlegg

DKU. 112/11: Gbnr. 13/33 - Byggsak - garasje - Per Elmer Årsheim

DKU. 113/11: Gbnr. 89/69 - Byggsak - Lagerbygg - Flatraket Eiendom A/S

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 09.02.2012

7 voterande

KU-002/12 VEDTAK

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	09.02.2012	003/12

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 12/283
---	----------------------	-----------------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	12/452	U	12.01.2012	Fjordenes Tidende	Annonse - Endring i Selje folkeboksamling - Stadlandet bibliotekfilial
2	12/490	I	01.02.2012	Servicekontoret	Møteplan 2012 - Driftsutvalet

3.Kommunalsjef Helse- og sosial: Orientering om 2 samhandlingsprosjekt i Nordfjord i samband med samhandlingsreforma

4.Kommunalsjef Helse- og sosial: Orientering om Utviklingsprosjekt Nordfjord sjukehus

5:Kommunalsjef Helse- og sosial: Orientering om Stoda i høve samhandlingsreforma her i Selje

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 09.02.2012

7 voterande

Tilleggsreferat:

6. Tenesteleiar Kommunalteknikk Terje Nybakk – Skader ved ekstremvær 25.12.11
7. Tenesteleiar Eigedom Merete Nerland – Skader ved ekstremvær 25.12.11

KU-003/12 VEDTAK

1. Teke til vitande.
 2. Møteplan Driftsutvalet 2012: 22.03 – 26.04 – 06.06 – 06.09 – 03.10 – 01.11 – 06.12
 3. Teke til vitande.
 4. Teke til vitande.
 5. Teke til vitande.
 6. Vert å komme attende til denne saka når dialogen med Fylkesmannen er avklara.
 7. Vert å komme attende til denne saka når dialogen med Fylkesmannen er avklara.
- Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	09.02.2012	004/12

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Kristian Nave	GBNR-2/1	12/267

Gbnr. 2/1 - Delingssak- Frådeling areal til veg - ny handsaming - Rune Hovden

Dokumentliste

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
15.08.2011	Søknad om deling av grunneigedom	28500
30.01.2012	Kart, motteke dat. 12.08.11	28596
22.08.2011	Vedlegg til søknad - handsaming etter jordlova	28597
22.08.2011	Søknad om dispensasjon	28598
30.01.2012	Kart, motteke dat. 12.08.11	28599
05.09.2011	Uttale deling av grunneigedom	28892
22.09.2011 08:01:43	Selje kommune - frådeling av parsell til næringsføremål - gbnr 2/1 Kjøde Store - Rune Hovden	29268
22.11.2011	Gbnr 2/1 - Deling av grunneigedom - Industriareal - Rune Hovden - handsaming etter jordlova	30757
30.01.2012	Alternativ II, 08.12.2011.pdf	31228

Saka gjeld

Ny politisk handsaming av delingssak på gbnr. 2/1 etter nye opplysningar i saka og etter møte mellom partane.

Rune Hovden, eigar av gbnr. 2/1 i Kjøde, søkte den 15.08.2011 om frådeling av eit areal 2300 m². Arealet skal brukast til veggrunn og areal på begge sider av vegen, landfeste og næringsareal til rederiet Hovden Senior AS.

Det vart gjort vedtak i saka, DS 102/11, den 9.12.2011 der det vart vedteke ei redusert frådeling etter alternativ II, sjå vedlegg.

Opplysningar til saka

Det som er nytt er at delar av parsellen er omfatta av reguleringsplanen for Stad Skipstunell. Dette var ikkje administrasjonen klar over når saka vart handsama sist. Vegen langs sjøen til Stad Skipstunell startar på gbnr. 2/1 og er regulert slik vegen ligg i dag. Vert skipstunellen realisert vil vegen bli offentleg veg. For å bli teneleg for store køyretøy (t.d. mobilkran) ynskjer Hovden Senior å legge om vegen. Vedtaket i sak 102/11 var ei frådelling på 1300 m² nerast kaiområde men ikkje veggrunn og landbruksareal heilt opp til kommunevegen. Arealet som ligg innafor plankartet og er trafikkareal skal ikkje handsamast i jordlovsaka. Omsøkt parsell ligg frå kommunal veg, langs tilførselsvegen til kaiområdet og endar inntil tidlegare frådelt næringsareal eigd av Hovden Senior AS. Det ligg såleis utanfor tunområdet på bruket. Slik det er søkt om vil Hovden Senior AS overta ca 1300 m² til landfeste, veggrunn og næringsområde til rederiet og ca. 1000 m² til veg og landbruksareal på begge sider av vegen. Det vil dele innmarka på gardsbruket, gbnr. 2/1, i to deler ved at rederiet vil eige all veggrunn og område på begge sider av vegen.

Etter denne søknaden vil hovdbruket misse enda meir av strandlinja og vil berre sitje att med ca. 18 meter strandlinje. Driftsvegen og sjøvegen vil bli eigd av rederiet Hovden Senior AS. Areal og bygningane på bruket er bortleigde. Gbnr. 2/1 har eit eige areal på 350 da. Del av fellesareal er 279 da. Jordbruksareal etter gardskartet er 55 da (21 da fulldyrka). Skog 171 da. Totalareal, inkl. del av felles utmark er 629 da.

Saka har vore sendt til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Fylkeskommune til uttale. FMLA påpeikar nedbygging av dyrkajord, arealbrukskonfliktar og auka framandetablering som tema kommunen bør vurdere grundig.

Lover/regelverk

Jordlova §§ 1, 9 og 12.

Føremålet med delingsforbodet i jordlova er å sikre ein tenleg bruksstruktur i landbruket. Jordlova §12 opnar for at det kan gjevast samtykke til deling dersom samfunnsinteresser av stor vekt talar for det, eller dersom deling er forsvarleg ut frå den avkastninga eigedommen kan gje.

I § 9 står det: "Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon."...

Sakshandsamar si vurdering

I møte mellom partane var det eit sterkt ynskje frå Hovden Senior AS å få frådelt som omsøkt. Det vart semje om at saka skal få ei politisk handsaming etter dei ny opplysningane i saka. Søkjar ynskjer at Hovden Senior AS skal få heimel til etter måten stort område heilt opp til kommunevegen der nær halvparten av arealet er veg og dyrka jord ved sida av vegen. Dette deler innmarka i to deler og overfører driftsvegen på bruket til eit fiskebåtrederi. Dette strir med jordlova §§ 1, 9 og 12. Det kan ikkje vere slik at gardsbruket er avhengig av velvilje frå rederiet for bruk av "eigen" driftsveg eller vert hindra av gjerder på begge sider av vegen om ny heimelshavar finn å gjerde inn sin eigedom.

Det er vanleg at vegar på gardsbruk vert brukt av fleire brukarar. Dette vert ordna gjennom vegrettar med rettskraft frå jordskifteretten eller tinglyst skjøyte/avtale. Det må vere eit prinsipp at den som eig og driv areala på begge sider av vegen, slik som her, også framleis skal eige veggrunnen.

Har forståing for at rederiet treng god tilkomst, godt landfeste og næringsareal i tilknytning til kaia. Det totale frådelt arealet inklusiv kaia er i dag ca. 2 da.

Etter ei totalvurdering finn ein ikkje å gje løyve til ei frådelling som omsøkt men kan gje løyve til ei frådelling på inntil 1300 m² med slik det går fram av kartskeisse "Alternativ II" datert

8.12.2011, til landfeste og næringsareal på vilkår av at hovudbruket, gbnr. 2/1, får vegrett til sjøen.

Konklusjon

Søknaden vert avslått slik den ligg føre men ein går inn for å gje løyve til å dele frå inntil 1300 m² slik det går fram av kartskisse "Alternativ II", datert 8.12.2011.

Saksgang

Vedtaket kan påklagast av part i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker etter at melding om vedtaket er kome fram. Klagen skal sendast til Selje kommune, 6740 Selje og må vere underskriven. Med visse unntak har part(ar) rett til dokumentinnsyn i saka.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Med heimel i jordlova § 9 og 12 vert søknaden frå Rune Hovden avslått slik den ligg føre men det vert gjeve løyve til å dele frå inntil 1300 m² slik det går fram av kartskisse "Alternativ II", datert 8.12.2011 på vilkår av at gbnr. 2/1 får vegrett fram til sjøen.

Handsaming i Driftsutvalet - 09.02.2012

7 voterande

Medlem Svein Hansen sa seg ugild og gjekk frå møtet.

Vara Ove Swensen møtte i hans stad.

Framlegg frå Selje FrP:

Viser til vedlegg i saka når det gjeld gbnr. 2/1 – Delingssak Rune Hovden.

Selje kommune har forståing for søkjar sitt ynskje om å få utbetre tilkomsten og utvide næringsarealet til rederiet Hovden Senior AS.

Grunngjeving:

Vi viser her til jordlova §12 som opnar for at det kan gjevast samtykke til deling dersom samfunnsinteresser av stor vekt taler for det.

Selje kommune har vore fråflyttingskommune og treng kvar bedrift og tilsette som vil fortsette å bu, investere i kommunen.

Rederiet Hovden Senior AS har reelle planar om store investeringar i forlenging av eksisterande kaianlegg og har eit sterkt behov for utviding av arealet ved kaia med god vei for mobilkraner og transport av rør og betongelement.

Rederiet er ein sikker arbeidsplass for 11 personer med lønsutbetaling på ca. 9 mill..

Det må vere viktigare for Selje kommune å sikre eit godt næringsområde og vere ein medspelar til rederiet enn å ta vare på eit areal som ikkje er eller blir i produksjon og som i dette tilfellet er eigd av same person.

Driftsutvalet godkjenner at Rune Hovden får det omsøkte arealet på 2,3 dekar.

Vedtaket vert gjort under føresetnad av at gbnr. 2/1 får vegrett.

Avrøysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 0 røyster.

Framlegg frå Selje FrP fekk 7 røyster.

KU-004/12 VEDTAK

Viser til vedlegg i saka når det gjeld gbnr. 2/1 – Delingssak Rune Hovden.

Selje kommune har forståing for søkjar sitt ynskje om å få utbetre tilkomsten og utvide næringsarealet til rederiet Hovden Senior AS.

Grunngjeving:

Vi viser her til jordlova §12 som opnar for at det kan gjevast samtykke til deling dersom samfunnsinteresser av stor vekt taler for det.

Selje kommune har vore fråflyttingskommune og treng kvar bedrift og tilsette som vil fortsette å bu, investere i kommunen.

Rederiet Hovden Senior AS har reelle planar om store investeringar i forlenging av eksisterande kaianlegg og har eit sterkt behov for utviding av arealet ved kaia med god vei for mobilkraner og transport av rør og betongelement.

Rederiet er ein sikker arbeidsplass for 11 personer med lønsutbetaling på ca. 9 mill..

Det må vere viktigare for Selje kommune å sikre eit godt næringsområde og vere ein medspelar til rederiet enn å ta vare på eit areal som ikkje er eller blir i produksjon og som i dette tilfellet er eigd av same person.

Driftsutvalet godkjenner at Rune Hovden får det omsøkte arealet på 2,3 dekar.

Vedtaket vert gjort under føresetnad av at gbnr. 2/1 får vegrett.

Samrøystes.

Utskrift til:

Søkjar

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

